



Rovviltnemnda i region 3 og 6 v/Fylkesmannen i Innlandet og Trøndelag

Vår ref.
19/90/FA - K 47
Rovvilt/TORK/97515319

Dykkar ref.

Dato:
11.02.2019

Samordna handtering av jerveutfordringar

Rovviltutvalet i Norddal kommune hadde møte 06.02.2019 og er bekymra for utviklinga når det gjeld samordning av jerveutfordringane og har utforma denne uttalen under sak 3/19:

«Norddal kommune tilhøyrrer viltregion 6, men grenser i sør aust til viltregion 3. Jerven er lite kjent med viltregionane og grensene mellom desse. Vidare veit ein at jerven flytter seg raskt over store avstandar og kan plutselig dukke opp der sau beiter. Rovviltutvalet vil oppfordre rovviltnemndene til å ha eit tettare samarbeid når det gjeld forvaltninga. Dette vil vere positivt for sauenæringa si framtid.»

Norddal kommune er uroa over utviklinga, og fleire har slutta med sau eller planlegg avvikling dersom ikkje tap som skyldast jerv vert redusert. Dette kan på sikt ha negativ innverknad på busetting og folketalsutviklinga i kommunen.

Med helsing

Toralv Klokkehaug
næringssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Kopi til:
Jarle Hauge - leiar av
rovviltutvalet
Ordfører
Rådmann

